




Villreinjakt i Reinheimen-Breheimen Villreinområde

Reinheimen

Breheimen



villreinutval

Bakgrunn

Med dette heftet ynskjer Villreinutvalet i Reinheimen-Breheimen å setja fokus på nokre av dei momenta vi meiner er viktige for jakta i vårt villreinområde.

Jakta skal vera ei god oppleving for alle, der det er viktig at alle viser omsyn til både villreinen og andre jegerar.

God atferd og samarbeid mellom jegerar gjev fleire fellingar og betre jakt-opplevingar for alle.

Naudsynte dokument å ha med på jakt

- Betalt jegeravgiftskort og godkjent skyteprøve.
- Våpenkort eller gyldig utlånsklæring
- Kontrollkort/jaktkort med jegernamn.
- Identifikasjon.

Villreinutvalet sin nettstad: www.villreinutvalet.no

Her blir det oppdateringer gjennom jakta

Jaktutøving og jegeratferd

Vis omsyn til dyra du jaktar på og til andre jegerar — du er sjeldan åleine.

Villreinen ser, høyrer og luktar godt. Den er særleg vår på røysler og silhuett i kombinasjon med lukt og lydar. Ha dette i bakhovudet når du er på jakt!

Før skotet går:

- Ligg roleg og gjøymt og vent på at flokken trekkjer forbi.
- Stress ned og vent på tur dersom det er andre jegerar på flokken.
- Finn ei god skytestilling – det kan ta tid.
- Vurder skyteavstanden godt – det blir fort langt i fjellet.
- Syrg for at dyret står roleg og fritt.
- Sjekk at du har fri bakgrunn og godt kulefang. Hugs på at kula skiftar retning.

Etter skotet har gått:

- Ligg i ro og observer.
- Sjå etter skotteikn.
- Ligg i ro til flokken har trekt unna – da kan andre jegerar få sin sjanse.
- Ha klart nødvendige papir for kontroll.

Aktuelt for 2023

Jaktforbod kvar dag mellom klokka 19.00 og 06.00.

Kontakt med oppsynsleiar på telefon 458 99 910. Skal brukast om hendingar i samband med jakt, til døme feilskyting, skadde dyr, skadeskyting og lignande. Informasjon om reinens tilhald blir lagt ut på www.villreinutvalet.no

Uttak av små villreinkalver. Sjå eige skriv til kalvejegere, eller ta kontakt med oppsyn.

Husk på nøyaktig veging av felte dyr, og registrering på settogskutt.no





Påskyting, skadeskyting, ettersøk

Alle løyste skot skal reknast som treff.

Uansett om dyret teiknar treff eller ikkje, ligg i ro og vurder situasjonen.

Merk staden for din skyteposisjon og der dyret stod.

Undersøk **alltid** skotplassen for hår, blod, beinsplintar og andre spor-teikn. Dersom dette ikkje blir gjort, blir det rekna for ufullstendig ettersøk. Saka kan difor bli rapportert.

Følg etter flokken og om nødvendig ta kontakt med andre jegerar eller oppsyn for hjelp. Dersom pliktig ettersøk blir resultatlaust, varsle oppsynsleiar eller andre oppsyn i terrenget så fort som råd.

Dersom du oppdagar skadd rein:

Meld frå til oppsynet så fort det lar seg gjere.

Dersom det er opnebart at dyret ikkje kan leve vidare eller bli friskt, kan ein avlive dyret. Dersom du har fellingsløyve på tilsvarende dyr, ta straks stilling til om dyret skal takast på eige jaktkort. Dersom ikkje, vom ut dyret, og stell i stand slik at andre eventuelt kan ta over slaktet.

Ta kontakt med jakttoppsyn og få beskjed om vidare handtering.

Kanskje andre jegerar i området har passande jaktkort.



Gode tips

- Bruk signalfarga huve/klede — dette gjer jakta sikrere for deg og alle andre.
- Bruk kikkerten flittig.
- Villreinutvalet vil på det sterkaste oppmode om måtehald med kommunikasjon/radiobruk.
- Tenk på vind, lyd og bevegelse/silhuett når du stiller innpå.
- Dersom det er fleire jegerar på flokken—avvent og evt. finn ein post litt unna. Det er sjeldan at meir enn ein jeger får løyst skot
- Vurder terrenget nøye og ver på den sikre sida når det gjeld skyteavstand — mykje av skadeskytinga skjer grunna for lang skyteavstand. Er du usikker, er skyteavstanden som regel for lang.
- Det kan vera lurt å gå i andre delar av terrenget enn alle andre. Som regel er det rein også andre plassar som enda ikkje er oppdaga.
- Ikkje gå synleg oppreist mot eller etter flokken.
- Ta deg god tid til slakting og kjøttthandtering. Hugs at alt kjøt skal ut av fjellet.
- Ta med avfall som emballasje og plast ut frå fjellet. Rydd etter deg på leir- og slakteplassar.

Jaktoppsyn og jegerinformasjon

I tillegg til oppsyns- og kontrollverksemd er jaktoppsynet eit informasjons- og serviceorgan. Spør gjerne om tips til jakt, eller hjelp til slakting eller ettersøk om du møter jaktoppsynet i fjellet. Dei er der for å hjelpe både jeger og villrein.

Informasjon om rein og observasjonar blir evt. lagt ut på heimesida til Reinheimen-Breheimen Villreinutval (for tida villreinutvalet.no). Dette er grovskalert informasjon og ikkje ei fullstendig oversikt. Ofte er berre halvparten eller mindre av stammen observert.

For å unngå mange jegerar i eit område har ikkje jaktoppsyner høve til å informere om villreinobservasjonar over telefon/jaktradio.



Sjukdommar

CWD

Sjølv om CWD (skrantesjuka) ikkje er oppdaga i vårt villreinområde, ber vi om at alle jegerar er observante. Terskelen for å melde ifrå til jaktoppsynet om dyr som syner sjukdomsteikn (vaksne dyr) skal vera låg! **Prøvetakinga held fram også i år.**

Sjukdomsteikn CWD

- koordineringsproblem
- vekttap
- unormal oppførsel, slappheit, senking av hovud
- nervøsit
- overdrive spyttsekresjon
- skjering av tenn
- økt drikking og urinering
- hovudskjelvingar

Ved mistanke

- Noter din posisjon, type dyr og evt. kjenneteikn på dyret.
- Kontakt oppsynsleiar eller oppsyn i felt.

Fotråte

Fotråte vart for fyrste gong oppdaga på villrein i Reinheimen i 2016.

Andelen er høgare på kalv enn på vaksne dyr.

Ta kontakt med jaktoppsynet dersom du har mistanke om fotråte. Om fotråten har kome langt går dyret og haltar og prøver å halde foten oppe. Ovanfor klauven kan det vera opphovna, og slike dyr blir ofte ståande att for seg sjølve. Dersom det har gått hol på fotråten kjem det ofte ut verk/væske over og mellom klauvene og det luktar. Dersom allmenntilstanden er normal, er det er ikkje farleg å nytte kjøtt frå dyr med fotråte.

Kan eg jakte som normalt?

Ja, det kan du, men hugs på nokre ting:

- Dersom mistanke, ta vare på slaktet inntil prøvesvar føreligg
- For å redusere risikoen for spredning anbefaler vi at du grev/steinar ned slakteavfall.
- Jaktar du i fleire område, oppmodar vi at klede, støvlar og liknande blir grundig reingjort/vaska for å fjerne synlige rester av jord, slakteavfall, avføring osv. Desinfiser utstyr som er brukt under slakting (kniv, sag etc.)
- Ved påvising av skrantesjuka blir dyret kassert



Informasjon om kontrollkort/jaktkort

Skjer kortet ved felling med rett dyr og dato

Kontrollkort villrein 2023
Jeger skal levere CWD prøver på villrein eldre enn kalv og registrere dyret i appen Sett og slutt eller i Hjorteviltregisteret.

Kort nr.: 400306

Villreinområde: 2217 - REINHEIMEN-BREHEIMEN

Namn og nr. på valdet: _____

Namn på jeger/jaktlag: _____

Vald / jaktstasjonsnavn: _____ Annen informasjon: _____

Kortet gjeld for: _____

Kalv

Kalv kan fellast i staden for ungdyr og voksne dyr, j. 3.29 i Hjorteviltforskriften.

Fellingsstad: _____ Slaktevekt: _____

Valdnummer, valdnamn eller koordinatar: _____

Risikoper har: _____

Kjøtmerkelapp 2023

Namn på jeger: _____ Kort nr.: 400306

Skjer kortet ved felling med rett dyr og dato

Før jakt

- Les kortet nøye og kontroller at kortet er utfyllt. Jegerens namn skal stå på kortet. Jeger skal skrive under på jegerkontrakt.

I fjellet

- Kortet skal skjerast med rett dyr og dato før transport av dyr frå slakte-plass.
- Kjøtt som blir liggjande att i fjellet skal vera merka med kjøttmerkelappen.

Ved fyrste høve etter du er ferdig med jakta:

- Sende inn CWD-prøven
- Rapportere på Settogskutt.no

INNAN 24.september må du:

- Levere inn reingjort underkjeve frå felte dyr. Merkelappen festes til kjeven og leveres saman med denne. **Ikkje pakk kjeven inn i plast.** Hugs å fyllt ut all informasjon om dyret!
- Kontrollkort leveres til kortutsteder, også om dyret ikkje er felt.

Vanleg kjevelapp. Skal fyllast ut og festast til underkjeve før innsending til kortutsteder.

Opplysninger om dødt hjortevilt Festes til prøve/underkjeve

Art: Elg Hjort Kjosje Villrein

Datedato: _____ Aarsak: Jakt Falvilt

Kjenn: Hunn Hann Alder: Kalv 1,5 år 2,5 år og eldre

Vekt: _____ kg. Er slaktet nøyaktig vekt? Ja Nei

Gevirtskår, høyr: _____ venstre: _____ Melk i juret: Ja Nei

Ant. kalver følge med hundnyret: 0 1 2 3 Vel ikkje Enalg kalv

Dersom mor og kalv felles, noter mors strekkodennummer: _____

Felt dyr nr: _____ Merknad: _____

Dyr felt under jakt
Jeger/jaklag registrerer opplysningar om felte dyr på www.settogskutt.no. For tilbakeføring på CWD-prøve må strekkodennummeret vere registrert saman med dyret.

Registrering av fallvilt
Eitersjoppersonell skal alltid sørge for at dyret og strekkoden blir registrert i Hjorteviltregisteret. Registreringen skjer via Miljødirektoratet sin fallviltapp, på Hjorteviltregisteret sine fallviltider, eller ved at fallviltkjema sendes til kommunen. I påvente av svar på skvantesjupost, kan slaktet merkes med kjevelappen.

Slik finnar du svar på prøver
Prøvesvar og annan info finnar du i Hjorteviltregisteret, www.hjorteviltregisteret.no. Dette krevjer at dyret er registrert som beskrevet over.

Om prøvene til bestandsovervåkingsprogrammet
Slaktevekt er dyrets vekt uten skinn, innvoller, hode og tatter. Skuddskadet kjøtt regnes med.

Kjeven reinskjæres og tørkes, og skal ikkje pakkes i plast. Kjønnsorgan tryses snar.

Denne delen skal berre sendast inn dersom sjukt dyr



Reinheimen–Breheimen
villreinutval

Sentrale telefonnummer

Oppsynsleiar: **Tlf. 45 89 99 10**

Leiar Villreinutval: **Vidar Vange 91 35 70 38**

Sekretær Villreinutval: **Jo Trygve Lyngved 99 24 04 16**

SNO-kontakt: **Per Olav Haugen 970 57 213**

Skjåk Almenning: **61 21 39 00**

Lesja Fjellstyre: **91 00 51 69**

Finndalen Fjellstyre: **901 57 362**

Politi: **02800**

Ambulanse: **113**

Lykke til og god jakt!

Foto i heftet er tekne av: SNO,
Per Steinar Løkken, Jo Trygve Lyngved,
Jan Vidar Karlsen, Skjåk Almenning.